



Referat styringsgruppemøte prosjekt «Mat og opplevingar i fjellet»

Dato: 17.03.21

Tidspunkt: 10:00 – 11.30

Møtestad: Teams-møte

Deltakarar:

Olav Røssum, Fjellnettverket (deler av møtet)

Karl- Otto Mauland, Vestfold og Telemark fylkeskommune

Nina Glomsrud Saxrud, Statsforvaltaren Oslo og Viken

Maren Solvang Johnsen, Sjøberg Gard

Kari Randen, Fjellnettverket

Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

Forfall:

Anniken Fægri Damm -Larsen, Innovasjon Noreg, Telemark og Vestfold

Nina Mosseby, Landbruks- og matdepartementet

Referent:

Elin Halland Simensen, Fjellnettverket

SAKLISTE

A. INNKALLING OG REFERAT	3
SAK 1/22: INNKALLING OG SAKLISTE	3
Vedtak sak 5/21:	3
SAK 2/22: GODKJENNING AV REFERAT	3
Vedtak sak 2/22:	3
B. ORIENTERINGSSAKAR	3
SAK 3/22 ORIENTERING STATUS	3
Vedtak sak 3/22:	4
SAK 4/22 ORIENTERING OM EIGENINNSATS	4
Vedtak sak 4/22	4
C. VEDTAKSSAKAR	4
SAK 5/22 GODKJENNING AV PROSJEKTRAPPORT	4
Vedtak sak 5/22:	4
SAK 6/22 REKNESKAP 1. PROSJEKTÅR	5
Vedtak sak 6/22:	5
D. DISKUSJONSSAKAR	5



FJELLNETTVERKET

SAK 7/22 UTKAST SØKNAD 2. PROSJEKTÅR	5
<i>Vedtak sak 7/22:</i>	5
E. MØTEPLAN	5
SAK 8/22: MØTEPLAN	5
<i>Vedtak sak 8/22:</i>	6



A. INNKALLING OG REFERAT

SAK 1/22: INNKALLING OG SAKLISTE

VEDTAK SAK 5/21:

Styringsgruppa godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 2/22: GODKJENNING AV REFERAT

Referat frå styringsgruppemøtet 11.5.22 vart lagt fram for styringsgruppa.

VEDTAK SAK 2/22:

Referat frå møtet 11.05.22 godkjennast av styringsgruppa.

B. ORIENTERINGSSAKAR

SAK 3/22 ORIENTERING STATUS

Styringsgruppa vart orientert om val av kompetansmiljø til å lage kunnskapsrapporten om matproduksjon og reiseliv i fjellet og korleis kovid-pandemien har påverka det planlagde arbeidet med prosjektet.

Kunnskapsrapport:

Sentralt i delprosjekt Fjellkraft er arbeidet med å utarbeide ein kunnskapsrapport som ser på matproduksjon og reiseliv i fjellet opp mot berekraft og klima.

Anbuds konkurransen vart fyrste gong utlyst i juni i 2021, men måtte lysast ut på nytt, då det i fyrste anbudsrunde ikkje kom inn nok tilbydarar. For å få med dei beste forskingsmiljøa i anbuds konkurransen såg prosjektleiinga det som naudsynt å forlenge fristen for å levere sluttrapporten. Fristen vart sett til august 2022. Etter grundige vurderingar vart NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi) vald som leverandør til å lage kunnskapsrapporten.

Til å bidra i faglege spørsmål og diskusjonar er det sett saman ei fagleg ressursgruppe, som består av følgjande ressurspersonar:

Everdien van Weeghel frå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Knut Fossgard frå Viken fylkeskommune

Guri Bugge frå Viken fylkeskommune

Jorunn Stubsjøen frå Innlandet fylkeskommune

Kovid-pandemi



Kovid-19 har påverka gjennomføringa av prosjektet. I prosjektbeskrivinga var det langt opp til møteplassar for nettverksbygging mellom verksemdene og samlingar i fleire av delprosjekta. Pandemien gjorde dette vanskeleg. I staden er det arbeidd med kartleggingar, planlegging av aktivitetar for våren og sumaren, samarbeid, og digitale møteplassar.

I samarbeidsmøte med fylkeskommunane 15.09.21 la prosjektleiinga fram forslag om å forlenge fyrste prosjektperiode fram til 1.3.22. Ynskje var å få gjennomført fleire av dei planlagde aktivitetane i løpet av fyrste prosjektperiode. Fylkeskommunane var positive og godtok søknaden om å forlege prosjektperioden fram til 1.3.22.

VEDTAK SAK 3/22:

Styringsgruppa tar informasjon om status i prosjektet til orientering.

SAK 4/22 ORIENTERING OM EIGENINNSATS

I prosjektsøknaden er det lagt opp til at deltakarverksemdar og samarbeidspartnarar skal bidra med ein stor del eigeninnsats i prosjektet. Kovid 19-pandemien har gjort det umogeleg å arrangere møteplassar, seminar og samlingar som planlagt i løpet av fyrste prosjektår. Eigeninnsatsen fyrste prosjektår har derfor ikkje blitt så høg som budsjettert.

VEDTAK SAK 4/22

Styringsgruppa tar saken til orientering.

C. VEDTAKSSAKAR

SAK 5/22 GODKJENNING AV PROSJEKTRAPPORT

Prosjektrapporten vart lagt fram for styringsgruppa i møtet.

Arbeidet med alle delprosjekta er godt i gang. Men det har vore krevjande å starte opp eit prosjekt som skal auke samarbeidet på tvers av regionar og leggje til rette for møteplassar og nettverksarbeid mellom verksemdar frå ein stor region midt i ein pandemi. På tross av dette, og på grunn av tilpassingar i prosjektarbeidet, det satt i gang arbeid på alle dei tre delprosjekta og den samla måloppnåinga vurderast som god.

VEDTAK SAK 5/22:

Styringsgruppa godkjenner sluttrapport for fyrste prosjektår.



SAK 6/22 REKNESKAP 1. PROSJEKTÅR

I prosjektplanen leggjast det opp til at det skal gjerast lovleg å tilby matsservering frå private kjøken.

Styringsgruppa diskuterte framgangsmåte for å komme vidare med ordninga.

VEDTAK SAK 6/22:

Rekneskap for 1. prosjektår vart lagt fram i møtet.

Prosjektet er gjennomført innanfor budsjetttramma på kr. 2.500.000. Totale kostnadar for prosjektperioden er kr 2 262 290.

D. DISKUSJONSSAKAR

SAK 7/22 UTKAST SØKNAD 2. PROSJEKTÅR

Forslag til søknad om finansiering for andre prosjektår vart langt fram til drøfting i styringsgruppa.

Styringsgruppa kom med følgande innspel til søknaden:

- Samanhengen mellom prosjektet og Matnasjonen Noreg bør komme tydeleg fram i søknaden
- Det bør presiserast at prosjektet kan vere eit av tiltaka som fylkeskommunane gjer for å arbeide med Matnasjonen Noreg.
- Prosjektleiinga bør gå gjennom dei delprosjekta som ikkje er starta opp og sjå om det er element som kan løysast innanfor dei tre delprosjekta som er i gang.

VEDTAK SAK 7/22:

Styringsgruppa ber prosjektleiar om å ferdigstille søknaden med innspela frå styringsgruppa og sende søknaden til finansieringskjeldene.

E. MØTEPLAN

SAK 8/22: MØTEPLAN

Dato	Tidspunkt	Stad	Møte
17.3.22	10.00-11.30	Teams-møte	Styringsgruppemøte
5.4.22	9.00-16.00	Radisson Blue Beitostølen	Utviklingsverkstad, valfritt



FJELLNETTVERKET

23.8.22	10.00-11.30	Teams-møte	Styringsgruppemøte
7.12.22	10.00-11.30	Teams-møte	Styringsgruppemøte

VEDTAK SAK 8/22:

Styringsgruppa godkjenner møteplanen.
